

Førde, 02.10.2018

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Utvik Elektrisitetsverk – Søknad om løyve til nye Utvik kraftverk i Stryn kommune i Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 20.08.2018 og til søknaden som vi har lasta ned frå NVE sine nettsider.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.sftur.no/) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 8.214. Utvik kraftverk ligg i Indre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <https://indrenordfjord.dnt.no/>

Generelle kommentarar til søknaden:

Søknaden gjeld oppattbygging og ei kraftig modernisering av kraftverk som vart øydelagde av den store flaumen i Utvik i juli 2017. Kraftverket har vore, og kjem vonleg til å bli, viktig for bygda Utvik. Med bakgrunn i dette, er det ikkje aktuelt for Sogn og Fjordane Turlag å gå mot utbygginga. Uavhengig av dette reknar vi dessutan konfliktnivået for utbygginga - mellom anna når det gjeld friluftsliv - for å vere innafor det vi vanlegvis aksepterer for heilt nye utbyggingar. Det gir ein ekstra grunn til ikkje å gå imot.

Det nye kraftverket vil få anslagsvis dobbelt så stor slukevne som summen av dei 3 gamle kraftverka. Produksjonen blir kraftig auka. Med denne utvidinga til det som er «vanleg standard» for småkraftverk i dag, må også vilkåra for utbygginga «moderniserast» til det som i dag er «vanleg standard». Det er teke mykje omsyn til dette gjennom nedgravning av både røyrgata og tilkopplinga til nettet. Det er vidare framlegg om å sleppe ei minstevassføring lik Alminneleg lågvassføring heile året. Alt dette er positivt, men minstevassføringa om sommaren er etter vårt syn for låg og må aukast. Dette og andre synspunkt kjem vi attende til seinare i fråsegna.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Inntak: Plasseringa av inntaket, med modernisering av den gamle dammen, ser fornuftig ut for oss. Ingen merknader.

Røygatetrase: Vi har ikkje vore på synfaring, men bedømt ut frå konsesjonssøknaden har vi ingen merknader til trasevalet. Men vi føreset sjølv sagt at røyret vert **fullstendig** nedgrave, og ikkje berre delvis nedgrave slik som det gamle røyret (delvis) er, sjå foto på side 12 i søknaden. Ettersom røyret stort sett går over dyrka mark, og enkelte stadar nær bygningar, er det viktig å lytte til kva dei aktuelle grunneigarane meiner. Sett frå vår synsstad er det positivt at røyrgata går over dyrka mark, fordi det då vil gå kort tid før den ikkje lenger blir synleg i terrenget. Ei røygate gjennom skog blir godt synleg i mange, mange år fordi hogstkorridoren ikkje gror att med skog.



Kraftstasjonen med avløp: Vi har ikkje merknader til plasseringa, men den er slik at god lydisolering er viktig! Vi reknar med at NVE stiller tilfredsstillande krav til dette.

Vi har for lite kunnskap om kor viktig elva er/har vore for sjøaure, og håpar at Fylkesmannen har kunnskap om dette. At det rett etter flaumen, og når det er omfattande anleggsarbeid i elveløpet, ikkje er sjøaure i elva, er rimeleg. Men viss det var sjøaure i elva før flaumen, er det svært sannsynleg at den kjem attende igjen i elva når «tilhøva har roa seg». Viss ein kan rekne med at den kjem sjøaure attende i elva seinare, ber vi NVE vurdere om det er trøng for omløpsventil i kraftstasjonen. Vi grunngjev ikkje dette nærare, NVE veit kva vi snakkar om.

Nettiknyting: Vi ser at det vert vurdert eit miljømessig godt samarbeid med Stryn Energi når det gjeld nettiknyting og kabling av ca. 600 m av Stryn Energi sitt noverande distribusjonsnett. Veldig bra! Vi håpar at dette går i orden, og oppmodar alle partar om å vise velvilje for å få det til!

Minstevassføring: Som nemnt tidlegare, meiner vi at den omsøkte minstevassføringa om sommaren er for låg. (Om vinteren er den heilt OK.) I nye småkraftverk vert minstevassføringa om sommaren no vanlegvis sett til 5-persentil sommar. Den er her 394 l/s. I dette tilfellet er det «formildande» at det anslagsvis 400 m nedanfor inntaket, ca på kote 220, kjem inn ei sideelv frå sør. Vi ber NVE rekne ut kor stor vassføringa er i den elva, og vurdere om den er stor nok til at minstevassføringa kan settast lågare enn 394 l/s. Dei andre sideelvane, mellom anna dei på ca. kote 80 – 85, kjem inn så langt nede at dei ikkje bør takast omsyn til ved fastsetting av minstevassføringa. Vi har ikkje eit konkret framlegg til kor stor minstevassføringa om sommaren bør vere, men ber NVE vurdere dette i samsvar med gjeldande praksis.

Om verknadane av utbygginga:

Friluftsliv: Som tidlegare nemnt, reknar vi med at konfliktane med friluftslivet blir så små at dei er akseptable sett frå vår synsstad.

Terrestrisk miljø: Vi ser at det ikkje har vorte tid til å lage ein biologisk mangfald-rapport. Dette er ikkje bra, men kor lite bra det er, overlet vi til Fylkesmannen og NVE å vurdere. Viss Fylkesmannen synest at dette, som eit reitt unntak, er akseptabelt i dette heilt spesielle tilfellet, så er det OK for oss.

Akvatisk miljø: Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna om eventuell omløpsventil i kraftstasjonen.

Samandrag av Turlaget sitt syn på saka:

Etter ei samla vurdering, er Sogn og Fjordane Turlag positive til konsesjonssøknaden, men vi viser til synspunkta våre ovanfor om høgre minstevassføring om sommaren og om eventuell omløpsventil.

NB! Vi er positive til at den eldste kraftstasjonen vert sett i drift som «eit levande museum». Bra!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 918 22 864, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

